


Hallo i nedslagsfeltet!

Først kan eg jo begynne med å seie at eg heiter Solveig Brunstad, og bur på Brunstad her i Velledalen. Eg går på skule "over fjellet" på Vestborg og går første året på studiespesialiserande retning. Trass i skuledagar til over halv fire og at eg ikkje er heime før ein time seinare, trives eg veldig godt med nye vener. Fritida mi går til trening og kvar dag er eg i aktivitet.


I helgane er eg ofte i Stordalen og trener langrenn med langrennsgruppa der. Eg synest det er veldig kjekt og eg lærer mykje av flinke trenerar. Innad gruppa er det høgt nivå og det gir meg utfordringa eg likar. Dessutan arrangerer dei faste treningssamlingar dei i klubben kan vere med på. I sein haust var det den årlege Stordalssamlinga med mange flinke utdøvarar i fra forskjellige delar av Sunnmøre og Romsdalen. Folk losjerte seg inn på gymsalen i Stordalen og trente i områda rundt. I desember var eg også med på samling på Dombås. Vi installerte oss på Trolltun gjestegård og hadde flotte preparerte løyper som nærmaste nabo. Vi fekk lakt mange timar i banken på ski i løpet av fire dagar trass i bitande kulde. På fjellet kraup gradestokken ned mot -21, men stemninga var på topp. Laurdagskvelden åt alle julemiddag på hotellet – kjempe trivelig!

Ellers spring eg mykje. Eg har lagt ned ein del treningsøkter på friidrettsbana på Mona (Stranda). No i det siste har eg vore å prøvd friidrettsbana på Ikornes. Eg synest bana virkelig var flott og eg likte ho super godt, kanskje bedre enn den på Mona? Her kjem eg til å fortsette å springe!



Sidan skulen min har eit såpass godt og velutbygd styrketreningsrom har eg også økter der.

Noko anna eg liker er å gå i fjellet. Sykkylven, og Sunnmøre generellt, er jo eit eldrorado på det og moglegheitene er mange. Eg og Andrea gjekk i haust ei helg på forskjellige fjell; Auskaret og Fetkølen blant anna. Det var kjekt og det fristar til gjentakelse når snøven reiser i fjella. Då den tid kjem er planen at oss har Patchelhytta eller den nye hytta på Brunstadkølen som base og gå på fjella i nærleiken. Forhåpentligvis fær vi med oss andre også. Gler meg!



No har eg (og Andrea) nettopp tatt ein joggetur opp på Kjøppen. Forholda var fine, så det er berre å kome seg ut!

Mi personlige form 7,1